

Notat

Går til: Selskap: Dato skriven: Frå: Sakshandsamar: Saka gjeld:	Styremedlemmer Helse Vest RHF 25.08.2005 Administrerende direktør Herlof Nilssen Lars-Johan Frøyland GEVINSTREALISERING INNKJØP 1. HALVÅR 2005
Styresak 72/05 O Administrerende direktør si orientering pkt. 2	Styremøte 06.09. 2005

Innkjøpssamarbeidet i regionen har også i 1. halvår 2005 generert gevinstar i form av prisreduksjonar på ein heil del varer og tenester. Det er framleis metodiske og praktiske utfordringar knytt til det å berekne gevinstante – særleg gjeld dette for kjøp av IT-system som ein ikkje har nytta tidlegare. Gevinstberekningane sett lys på potensialet for innsparingar ved at det er kome nye prisar som er betre enn dei var tidlegare. Lojalitet knytt til nye avtalar vil vere avgjerande for om potensialet kan takast ut. Det er framleis utfordringar med å sikre god lojalitet til nye avtalar. Dette blir det arbeid med både innan innkjøpsmiljøa og i det einskilde helseføretak.

Berekningane viser at potensialet for årlege innsparingar som følgje av nye innkjøpsavtalar som er inngått 1. halvår i 2005, ligg på ca. **15,7 mill. kroner** for føretaksgruppa samla.

Den største prisreduksjon for eit produktområde, målt i kroner, har ein hatt på personalforsikringar. Etter ein anbudsrunde i vår blei prisen på dei ulike personaldekningane i føretaksgruppa **reduisert med 20 %, noko som i kroner utgjør 6,8 mill. årleg**. Reknar ein inn at grunnbeløpet (G) i folketrygda har auka, samt tek omsyn til den generelle prisstigninga, er gevinsten endå større.

I siste halvår har regionen hatt mange anbodskonkurransar knytt til ulikt **laboratoriemateriell**. Dette er eit område som er prega av særleg mange artiklar og mange leverandørar – mange av dei er små. Knytt til desse anboda, ser ein at Helse Bergen HF førebels ikkje har hatt berekna prisgevinst. Ei forklaring kan være at Helse Bergen HF for nokre områder har hatt marknaden beste prisar. For Helse Førde HF er det berekna ei innsparing på ca. 15% på dei same produkta. Samla prisgevinst for føretaksgruppa innan laboratoriemateriell er på ca. 2,7 mill kroner, noko som utgjør 4% kostnadsreduksjon.

Det har og vore felles innkjøpsprosess på **proteser og implantat**. Føretaksgruppa kjøper for ca. 34 mill. kronar innan denne varegruppa. Her er prisreduksjon samla på ca 6 %, noko som i kroner utgjør omlag 1,9 millionar. Helse Bergen HF har også her fått ein liten prisgevinst. Dette skuldast både at Helse Bergen HF sat med gode

vilkår i tidlegare avtale , men også det faktum at det blei gjort ei kvalitetsauke frå stål til titan innanfor trauma. For Helse Førde og Helse Stavanger har det vore vanskeleg å skaffe førprisar. Gevinstane her er det dei to helseføretaka har klart å dokumentera, men innsparinga er truleg ein del større.

Betydelege ressursar, både medisinske- og innkjøpsfaglege har i siste periode vore nytta til innkjøp av ymse **nye IT-system**. Nye felles system gjer på sikt betydelege prosessgevinstar. For mange av desse er det likevel vanskelig å berekna kostnadsreduksjon fordi ein ikkje har hatt motsvarande system frå før, eller fordi den teknologiske utviklinga sett nye standardar eller rammer for kva innhald produkta skal ha både teknisk og funksjonelt. Desse systema er lista opp i oversikten for å synleggjere at ein har hatt ein regional innkjøpsprosess knytt til kjøp av systema.

Helseforetakenes Innkjøpsservice As (HINAS) i Vadsø har ansvaret for å skipa til nasjonale innkjøpskonkurransar for helseføretaka i Noreg. I 1. halvår i 2005 har HINAS landa to kontraktar som føretaksgruppa vår har teke del i, nemleg fyringsolje og leigebilenester. Det har ikkje vore mogeleg for helseføretaka å berekne kostnadsreduksjon knytt til fyringsolje.